

Saksbehandlar: Ingeborg Lie Fredheim, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 18/7906-1

Reviderte vedtekter for Fagskulen i Sogn og Fjordane

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet vedtek reviderte vedtekter for Fagskulen i Sogn og Fjordane slik dei går fram av vedlegg 1.

Vedlegg:

1. Framlegg til reviderte vedtekter for Fagskulen i Sogn og Fjordane
2. Gjeldande vedtekter for Fagskulen i Sogn og Fjordane (reviderte i fylkesutvalet 28.01.2015).

Andre relevante dokument i saka:

FT-sak 52/14 Delegering av mynde til å gjere endringar i vedtektene for Fagskulen i Sogn og Fjordane

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Stortinget har vedteke ny fagskulelov, gjeldande frå 01.07.2018. Den nye lova heiter Lov om høyere yrkesfaglig utdanning (fagskoleloven). Lova er endra i struktur og innhald i høve tidlegare Lov om fagskuleutdanning. Dei største endringane er at lova stiller tydlegare krav til samansettinga av styret og omtalar styret sitt ansvar for fagskuleutdanning meir i detalj.

På bakgrunn av dette må vedtektene for Fagskulen i Sogn og Fjordane endrast og tilpassast den nye lova.

Lenke til ny fagskulelov: [Lov om høyere yrkesfaglig utdanning \(fagskoleloven\)](#)

FU fekk i FT-sak 52/14 delegert mynde til å gjere endringar i vedtektene for Fagskulen i Sogn og Fjordane.

2. Vurderingar og konsekvensar

Dei største endringane i lova gjeld samansetting av styret og tydeleggjering av styret sitt ansvar.

Gjeldande vedtekter for Fagskulen i Sogn og Fjordane stettar i hovudsak krava i lova, men må justerast på nokre punkt.

I tillegg til endringane som er naudsynte som følgje av den nye lova har fylkesrådmannen innarbeidd nokre mindre justeringar og presiseringar i vedtektene.

Fylkesrådmannen sitt framlegg til reviderte vedtekter for Fagskulen i Sogn og Fjordane følgjer som vedlegg 1 til denne saka. Ny tekst er markert med raud skrift.

Vedtektene må truleg reviderast på nytt som følgje av fylkeskommunesamanslåinga.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet vedtek reviderte vedtekter for Fagskulen i Sogn og Fjordane slik dei går fram av vedlegg 1.